

Kjære Norges Samemisjon-ven!

Leirstaden Fagertun har ein sentral plass i arbeidet til Norges Samemisjon i Bergen krins.

No er arbeidet med å oppgradera det gamle skulehuset på Fagertun i full gang.

Etter påskeleiren i fjor skreiv barne- og ungdomsrådet:

**Manglar aktivitetshall, ville vore fint å få gjort gamlehuset i stand til formålet.**

Og no er det god von om at huset kan få den standardhevinga som trengst slik at huset kan takast i bruk m.a. på leirar.

På dei to Krinhelsing-giroane i 2024 kom det inn omlag 80 000 kr. Me er særst takksame for gåvene!

All vokster god må gro om vår, syng me og i eit slikt perspektiv er leirane viktige. På desse leirane kan born og ungdom læra Jesus å kjenna.

Med beste helsing

barne- og ungdomsrådet og styret for Fagertun

Bergen krins av Norges Samemisjon har årsmøte i Tørvikbygd laurdag 22.mars. Sakspapir ligg ute på nettet på [www.....](http://www.....) Påmelding til IngeAugestad på tlf. 413 38 295 innan 15.mars.

26.-28.03 er det leir for 4. - 6.trinn og 04.04. til 06.04. er det leir for 7. - 8.trinn. Ver med og bed for desse samlingane.

Fagertunstemna er 15.juni. Ågot Lavik og Anne Margrethe Eikefet i tilskipingsnemnda tek imot gevinstar til utloddinga.